

Selja kloster og helgenanlegg.

Generell rapport 2017.

- Del I. Økonomirapportering** (tilsendt tidlegare).
Del II. Rapport frå Bakken & Magnussen (tilsendt tidlegare).
Del III. Generell rapport (dette dokumentet).

Del III- Generell rapport 2017.

Selje, 22012018

Ruinarbeidet.

Arbeidssesongen starta tidleg i år som i fjor. Dette skuldast sjølvstykkt arbeidet som skulle gjerast, men og at vi ville vere i gang med noko grunnlagsarbeid som måtte vere klart til årets kalkmørtelsesong. Samstundes tok vi omsyn til turistsesongen og hadde litt lågare aktivitet i juli.

Kulturlandskapet.

Vi har også i år hatt eit todelt opplegg med «grøn skjøtsel». Vi har hatt ei avtale med ein lokal saueeigar om fortsatt å ha såkalla «villsau» eller gamal norsk utegangarsau ute på øya. Bonden har fått litt støtte gjennom SMIL-midlar, ei ordning som no er endra i høve til tidlegare år. Dette har fungert fint.

Vedkomande har hatt om lag 55 sau på øya, som i fjor. Desse sauene har eit fint system på beiting, slik at både indre og ytre klosterområdet ser velstelt ut.

Effekten på vegetasjonen på sjølve øya er ikkje vurdert.

I tillegg har vi og hatt 2 skuleelevar på vidaregåande i sommarjobb, slik som det no har vore vanleg i mange år. Desse har vore fleksible i høve arbeidstid og utstrekning av arbeidet. Det er heilt nødvendig å ha manuell fjerning av gras og

ugras i indre klosterområde. Dei har og hatt på arbeidsplanen å fjerne sauemøkk (1 times arbeid på slutten av dagen to dagar i veka).

Det som kjem for dagen etter denne sesongen, og som vi er merksame på generelt, er at det er stort oppslag av lauvtre i fjellsidene i klosterområdet, noko som har kome tydeleg fram dei siste åra. Dette bør sjåast på neste år.

Syner og til kommentarar om dette i rapporten frå 2016.

Kurs og seminar.

Prosjektleiaren har vore på nokre seminar/ ekskursjonar om kalkmørtel og kalkmørtelframstilling i 2017, både i Trondheim og i Hyllestad. Det har og vore seminar om digital presentasjon, t.d. i regi av NDR. Det har vore diskutert moglege presentasjonsmåtar av Selja digitalt.

Framdrift.

Det meste har gått etter planverket, men det vert alltid småtiltak som må skyvast på. Dette gjeld t.d. toppdekke og kalkmørteltest på ein av veggane mot aust, som tidlegare avtalt.

Vi har og fått av RA sine «Verdiskapingsmidlar» til trappa og stien, og dette er på det næraste ferdig.

NIKU har hatt arbeidet med arkeologien i steintrappa ved terrassane og med undersøking som vedkjem problema med vatn og utvasking i trappa/stien.

Vi ser at NIKU må leigast inn i 2018 for tilstandsvurdering av Sunnivakyrkja før det vert laga metodikk- og arbeidsplan for denne. Dette bør gjerast tidleg i 2018.

Elles er Selja og miljøet vårt tungt inne i Kystpilegrimsleia, som skal opnast i juni. Omgrepet «kystpilegrimsleia» oppstod i Selje i 2009 i diskusjonar med Trond Giske og Per Kvistad Uddu! Vi reknar med at det vert ein del ekstra besøk grunna dette og vil ha tilgjenge til Hola og Sunnivakyrkja i orden før påske.

Som ein liten tilleggsinformasjon, har eg som tilsynsmann og prosjektleiar for Selja kloster og helgenanlegg, arbeidd med klosterrelaterte saker i 20 år. Eg vil i denne samanhengen gje uforbeholden ros til Riksantikvaren for eit svært godt

samarbeid, ikkje berre på det økonomiske plan, men kanskje mest på fagmiljøet som har oppstått rundt Selja og den genuine interessa dette har skapt, både regionalt og nasjonalt, med godt samarbeid med NIKU, kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt Selje kommune som har lagt til rette for kontor plass m.m.

Med helsing

Bjørn E. Jensen

-Prosj.leiar Selja-